



KORLEIS PRATE MED BARN

Å prate med barn om vanskelege tema krev trygge vaksne. Dei vaksne må ta barnet på alvor slik at dei opplev å bli møtt med respekt. Barn pratar best med vaksne dei kjenner godt. Viss det er fleire hjelparar involvert, er det viktig at dei samarbeider slik at den som har best relasjon til barnet pratar med det. Samtalen kan oppstå spontant i samband med at barnet plutselig fortel noko viktig, eller den kan vere planlagt på grunnlag av noko ein har høyrte barnet fortelja.

Barn som opplever omsorgssvikt, vald eller andre negative hendingar kan gje uttrykk for dette på ulike måtar. Nokon gonger fortel barnet spontant. Ord kan koma enkeltvis, andre gonger seier barnet ingenting. Kroppsspråk eller åtferd som endrast, er også kommunikasjon. Det er viktig å sjå utsegn eller åtferd i lys av risikofaktorar og beskyttande faktorar i barnet sitt liv, og vurdere ulike måtar å forstå det barnet uttrykkjer. Våre eigne haldningar, tidlegare forståing og erfaringar, samt kunnskap om barnet pregar vår måte å analysere situasjonen.

Det er nyttig å prøve å setja seg inn i barnet sitt perspektiv og situasjon. «Kva skjer når eg har fortalt dette?» «Har eg svikta mamma og pappa?» «Tenk om dei blir sinte på meg?» Det er viktig å ha god relasjon med barnet, men også til føresette. På den måten kan me unngå at barnet opplever lojalitetskonflikt.

Det kan vere vanskeleg å vite korleis ein som tilsett skal leggja til rette for ein samtale med barnet på ein måte som gjer det mogleg å ta opp eit tema på ein forsvarleg måte. Dersom ein er i tvil om dette, kan ein eventuelt rådføre seg med barneverntenesten eller andre aktuelle drøftingspartar.



SAMTALEMAL

Førebuing

- Bruk eit egna rom/stad
- Kva veit du om barnet? Språk, interesser.
- Hjelpemiddel; spel, teiknesaker, skjema, noko barnet/ungdomen kan halde i.
- Kva kan barnet/ungdomen kome til å fortelje?
- Tenk gjennom kva som kan kome til å skje i møte, søk ev. råd i forkant.
- Kven kan du kontakte ved behov for bistand under møtet?
- Kva for informasjon kan du gje barnet/ungdomen?

Opprette kontakt med barnet

- Sei noko positivt til barnet/ungdomen, slik at han/ho kjenner seg sett. (T.d. «Høyrer du er god i fotball».)
- Gje barnet/ungdomen praktiske oppgåver. (T.d. finne fram vatn, tenne lys, finne fram teiknesaker.)

Introduksjon til tema

- Fortel kvifor de skal snakke saman. (T.d. «*Da vi gjekk på tur i går sa du....*», eller «*I det siste har du sett sint/glad/lei deg ut...*», eller «*Når barn/unge blir sinte som du vart i går, så er det ofte fordi dei har det vondt inni seg.....*» Eller «*I dag skal me prate om*»)

Forslag til metode

- *Fri forteljing*: «*Kva har skjedd? Fortel!*»
- Lytt aktivt og bekreft: «*Mm, ja, så da skjedde det, fortel meir.....*»
- Gjenta barnet/ungdomen sine ord (utan å verte papegøye).
- Tål pausar, ev. kommenter: «*No lurar eg på kva du tenkjer.....*»
- Få tak i opplevinga til barnet; «*Korleis var det å vere deg då?*»
- Hjelp barnet ved å gjette/generalisere, dersom barnet ikkje fortel sjølv: «*Eg har snakka med mange barn/unge som har gjort/sagt som deg, og dei har sagt at dei ikkje tør å fortelje fordi dei er redde for kva som kan skje om dei fortel. Er det slik for deg?*» «*Kva er det verste som kan skje om du fortel?*»
- Dersom det er noko du vil vite meir om, vent til ein naturleg pause før du utdjupar. «*Tidlegare fortalde du at mamma blir sur. Kva skjer når mamma blir sur? Korleis er det å være deg då?*»

Summer opp

Summer opp det barnet har fortalt, gje barnet/ungdommen mogelegheit til å rette opp og utdjupe. Summer opp undervegs, det hjelper barnet/ungdommen til å fortsetje si frie forteljing. Ved skifte av tema er det lurt å summere opp, før ein introduserer nytt tema.



RESSURSAR

- «SNAKKE» er utvikla av RVTS på oppdrag frå barne- ungdoms- og familiedirektoratet (<https://www.snakkemedbarn.no>)
- «Se meg, snakk med meg» er utvikla av KoRus-Sør, Borgestadklinikken. Filmen og oppgåvene har fokus på konsekvensane av ulik krenking mot barn på kort og lang sikt.
 - o <https://www.korus-sor.no/verktoy/se-meg-snakk-med-meg/> (film med oppgåver)
 - o <https://vimeo.com/155157951> (rett til filmen)
- Barne- og likestillingsdepartementet. (2009). *Snakk med meg! En veileder om å snakke med barn i barnevernet*. Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet. (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/snakk-med-meg/id577710>)
- «Snakk med meg – del 1 En film om å snakke med barn» frå Bufdir (<https://www.bufdir.no/n/Bibliotek/Dokumentside/?docId=BUF00002653>)
- «Hvordan snakker jeg med barn om vanskelige ting?» er Redd barna sitt tilbud til vaksne (<https://www.reddbarna.no/jegerher/verktoy/hvordan-snakker-jeg-med-barn-om-vanskelige-ting>)
 - o Fleire ressursar for barn og vaksne (www.Reddbarna.no)
- «Jeg ser» er utviklet av Blå kors. - *Ikke snakk om meg, snakk heller med meg* (<https://www.blakors.no/jegser/>)